

Søknad

Søknadsnr.	2019-0267	Søknadsår	2019	Arkivsak
Støtteordning	Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2019			
Prosjektnavn	Pitchekonurransar for gründerar og driftige folk			

Kort beskrivelse

Vi vil hente fram dei gode idéane hos folk i heile fylket og sette fokus på gründerverksemd og mulegheitene det gir. I pitchekonurransar presenterar deltakarane sin forretningsidé for ein jury, og den beste idéen vert premiert. Konseptet er bransje- og faguavhengig, med rekruttering på tvers av alder, kjønn, bakgrunn m.m. Vi inspirerar til idégenerering og entreprenøriell tankegang, og senkar terskelen for utprøving av gode idéar gjennom kontakt med verkemiddelapparatet.

Prosjektbeskrivelse

Pitchekonurransar (idékonurransar) går ut på å hente fram dei gode idéane som bur i folk rundt omkring i fylket. Vi oppmodar til påmelding på våre konkurransar dersom ein har ein forretningsidé som ein ønskjer å utvikle. Det er ingen krav til nivå eller status i idé/prosjekt, men deltaking forutset at det er snakk om ein innovativ idé, altså ei teneste eller eit produkt som er satt saman eller utvikla på ein ny måte.

Idékonurransane som vert arrangert av Kunnskapsparken stimulerer til idégenerering og entreprenøriell tankegang i heile fylket. Dei inspirerar folk til å tenke innovativt, og senkar terskelen for å ta kontakt med verkemiddelapparatet. Ved å synleggjere nasjonalt at vi har eit system for å plukke opp og støtte tidligfase-gründerar, vil vi gjere regionen meir attraktiv for gründerar i andre delar av landet. Konkurransane er fag- og bransjeuavhengige, og i marknadsføringa går vi breidt ut for å rekruttere på tvers av kjønn, alder, bakgrunn m.m. Idékonurransane vert arrangert i ulike delar av fylket, noko som underbygger vårt fylkesdekkande mandat.

Det er allment kjent at 7 av 10 selskap går konkurs eller vert lagt ned etter 5 år. Denne statistikken tek derimot ikkje høgde for dei bedriftene som er tilknytta innovasjonsselskap, inkubatorar eller næringshager. Slike bedrifter har betydeleg større sjanse for å overleve, ettersom dei gjennom tilknytning til slike tilretteleggingsaktørar har tilgang på rådgjeving, kompetanse, nettverk og kapital. Pitchekonurransane våre har som målsetting å leite fram idéhavarar som har behov for denne slags støtte.

Formatet på pitchekonurransane legg til rette for låg terskel for påmelding. Dersom det er påmeldingsavgift vert denne summen reflektert i gåvepakka som deltakarane får. Deltakarane får rettleiing ei veke i forkant av konkurransen (frå forretningsrådgjevarar i Kunnskapsparken), og har tilgang på kontorplass i løpet av denne perioden. Dette gjev også mulegheit for nettverksbygging og kompetanseheving for deltakarane. På denne måten vert deltakarane betre rusta til å presentere sine forretningsidéar.

Kvar konkurranse inneber frukost/lunsj, gründerføredrag og pitchekonkurranse. Under pitchekonurransen vert forretningsidéane presentert for ein fagkyndig jury, og den beste idéen vert

premiert. Det er kun deltakarar, jury, føredragshaldarar og næringsmedarbeidarar som er til stades under konkurransen, og samtlege skriv under på ei teieplikt for å sikre idéane.

Pitchekonkurransane har tre overordna føremål:

1. Nettverksbygging og kunnskapsoverføring for gründerar, forretningsrådgjevarar, næringslivsaktørar og andre tilretteleggingsaktørar
2. Auka fokus i lokalsamfunnet på entreprenørskap og innovasjon, som igjen kan føre til vekst i næringslivet med nye arbeidsplassar. I tillegg bidrar det til å sette Sogn og Fjordane på kartet som ein attraktiv oppstartsarena å flytte til
3. Auka synleggjering og mobilisering til gründerverksemd

Etter å ha arrangert to vellukka pitchekonkurransar ser vi ein tydeleg positiv effekt:

- Vi har mobilisert og stimulert til auka gründerverksemd, og har bistått deltakarane i sin utvikling i etterkant av konkurransen

- Interesse både lokalt og nasjonalt: vi har hatt deltakarar og interesserte frå heile landet (mange har ikkje hatt anledning til å delta grunna reiseutgifter)

Til tross for at det er ein konkurranse er det ikkje vinnaren som er viktigast: Alle deltakarane vert følgt opp etter konkurransen, og vert satt i kontakt med aktuelle aktørar som kan bistå dei i vidare utvikling (lokalt næringsapparat, Innovasjon Norge e.l.)

Kontaktopplysninger

Funksjon	Navn	Adresse/poststed	Mobil
Søker / Prosjekteier	Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane AS Org.nr:983562973	Trolladalen 30, Fosshaugane Campus 6856 SOGNDAL	95206574
Kontakt- person	Tuva Eide	Slåttebakkane 45, Førde 6814 FØRDE	90275869
Prosjekt- leder	Tuva Eide	Slåttebakkane 45 6814 FØRDE	90275869

Mottatt offentlig støtte tidligere: Nei

Spesifikasjon

Bakgrunn

Bakgrunnen for denne søknaden er at vi ønskjer å auke satsinga på konseptet, basert på dei gode erfaringane vi har gjort oss frå gjennomførte pitchekonkurransar. Vi ser at ei større satsning vil kreve større økonomiske rammer, noko vi ikkje vil få til åleine. Tilskotet frå kommunalt næringsfond i Sogndal og Gloppen til dei to tidlegare konkurransane har vore avgjerande for gjennomføring. Støtte frå fylkeskommunen vil kunne heve nivået og utbreiing av pitchekonkurransane ytterligere.

Fjellpitch (Sogndal) og Påsepitch (Gloppen) er to pitchekonurransar som vi har gjennomført i 2019. Dei vart begge lagt til allereie planlagte arrangement, høvesvis Fjellsportfestivalen og Kom heim-arrangement (Påsketreff). Pitchekonurransane representerte eit spennande innslag i programma til dei to arrangementa, noko som gav meirverdi for arrangørar og lokalt næringsliv. Det har vore svært populære arrangement som har fått lokal merksemd, og som har bidratt til auka entreprenørskapskultur i fylket.

Vi ser behovet for å utvikle konseptet til å inkludere fleire kommunar i fylket. Vi ønskjer å tilby konseptet til lokalt næringsapparat i den enkelte kommune, slik at vi saman kan styrke entreprenørskapstankegangen og innovasjonsevnen i heile fylket. Konseptet er eit friskt pust som i tillegg til å vere gøy og engasjerande, også har påverknad på vekst og regional utvikling. Ved å gjennomføre pitchekonurransar i lag med lokalt næringsapparat bidreg vi til å auke gründeraktiviteten i den enkelte kommune, noko som har positive ringverknader for lokalt og regionalt næringsliv. Samtidig fører det til tettare samhandling mellom næringsarbeidarar på tvers av fylket, og dette styrkar det regionale innovasjonssystemet som vi er ein del av.

Vi vil utvikle konseptet ved å etablere ei felles merkevare for alle pitchekonurransane, slik at konseptet vert gjenkjennbart både lokalt, regionalt og nasjonalt.

Prosjekt mål

Målet for dette prosjektet er:

1. utvikling av pitche-konsept
2. gjennomføring av 5 pitchekonurransar (idékonurransar)

Merkevarebygging og første pitchekonurranse i 2019, to pitchekonurransar i 2020 og to pitchekonurransar i 2021. Sluttrapport Q4 2021.

Målsettingar:

Målsetting 1: Gjennomføre 5 pitchekonurransar

Vi har mål om 12 deltakarar på kvar konkurranse. Kvar pitchekonurranse vert gjennomført i lag med ein kommune, og næringsavdelinga eller næringssselskapet i denne kommunen er vår samarbeidspartnar ved kvar konkurranse. Dette betyr at vi kan spele på nettverket og dei relevante aktørane knytt til den enkelte kommune. Vi ønskjer å legge dato og tidspunkt for pitchekonurransane til arrangement/festivalar/tilstelningar som allereie er planlagt i den enkelte kommune. Pitchekonurransane vert då «eit krydder» i programmet, noko som skapar meirverdi for desse arrangementa.

Delmål:

- Få 4 nye gründerar inn i vår inkubator per konkurranse (4 x 5 = 20 gründerar på 3 år)
- Få 10 nye idévurderingar som vert rapportert til SIVA (10 x 5 = 50 nye idéar på 3 år)

- Synleggjere verkemiddelapparatet og tilretteleggingsaktørar i fylket: Sette alle deltakarane i kontakt med relevant tilretteleggingsaktør i etterkant av konkurransen (kommunal næringsutviklar, Innovasjon Norge sine tilskotsordningar, Siva sine næringshagar/inkubatorar, næringslivsaktørar og FoUI-miljø innan samme fagfelt/bransje som deltakar).

Ved oppnåing av gitte prosjektmål vil vi bidra til å auke entreprenørskapsaktiviteten i heile fylket (på tvers av bransjar/fagfelt og i ein tidleg fase). Vi bidrar til å skape kultur for bedriftsetablering, samt gjev nyetableringar tilgang til eit rikt nettverk av personar som kan hjelpe dei vidare ifm. kurs, kompetanseheving, kapitaltilgang m.m. Vi bidreg til regional utvikling ettersom auka entreprenørskaps- og innovasjonsaktivitet aukar sjansen for bedriftsetablering, auka sysselsetting og verdiskaping i fylket.

Målsetting 2: Etablere pitchekonseptet

Skape ein grafisk profil som er gjennomgåande for alle pitchekonkurransane våre, og som er gjenkjennbart lokalt, regionalt og nasjonalt.

Delmål:

- Mobilisere nye grupper til gründerverksemd

Forankring

Pitchekonkurransane våre skal vere ein arena kor folk som vurderer å skape sin eigen arbeidsplass får testa sin forretningsidé. På denne måten bidreg vi til å senke terskelen for å «satse».

Som utøvande aktør for Siva er Kunnskapsparken sitt mandat å bidra til å utvikle næringsliv gjennom å identifisere, vidareutvikle og kommersialisere gode idéar til nye bedrifter, samt å gi ny vekst i etablert næringsliv. Gjennom dette bidreg vi til nasjonal verdiskaping. Pitchekonkurransane våre rettar seg spesifikt mot å identifisere nye forretningsidéar. Vi ønskjer idéar frå alle fagfelt, uavhengig av fagfelt og bransjar. På denne måten åpnar vi opp for å styrke alle delar av næringslivet i fylket. Gründerane drar stor nytte av nettverket som Kunnskapsparken har. Idéhavar får høve til å samhandle med relevante næringslivsaktørar, det offentlege eller academia i vårt nettverk, som igjen betyr at ein tilfører verdi til eit bredt spekter av aktørar og verksemdar i fylket.

Den enkelte kommune har ofte utfordringar knytt til begrensa ressursar og kapasitet når det kjem til å gjennomføre aktivitetar som bygger opp under entreprenørskapstankegang. Dette betyr at ein både har utfordringar med å skape kultur for innovasjon, samtidig som ein kan slite med å plukke opp dei idéane som folk har. Ettersom vi gjennomfører kvar konkurranse i lag med ein spesifikk kommune (næringsavdeling eller næringssselskap i gitt kommune), styrkar vi både vår eigen og deira gjennomføringsevne knytt til kulturbygging for entreprenørskap og innovasjon. Med omsøkte pitchekonsept kan vi mobilisere til gründerskap og setje fokus på entreprenørskap i den enkelte kommune.

Ved å legge konkurransane til allereie planlagte arrangement (festivalar, tilstelningar i kommunen o.l.) skapar vi meirverdi for både vår eigen markandsføring og vårt eige konsept, og for kommunen sjølv. Ein positiv ringverknad kan vere å synleggjere mulegheiter for etablering i ein kommune eller region der gründerane ikkje nødvendigvis er heimehøyrande i utgangspunktet.

I følge Verdiskapingsplanen er ein viktig del av fylkeskommunen sitt arbeid å «legge til rette for entreprenørane». Vi ønskjer å peike på 3 sentrale målsettingar som fylkeskommunen arbeider mot, som vi gjennom vårt pitchekonsept bidreg til å nå:

- Skape kultur for bedriftsetablering: -

Vi ønskjer å bidra til det overordna målet om å skape kultur for bedriftsetablering. Dette gjer vi med å skape ein lavterskel-arena kor "kven som helst" kan presentere sin forretningsidé, uavhengig av prosjektstatus eller tidlegare arbeid med idéen. Pitchekonkurransane bidreg på denne måten til å endre oppfatningen om at ein må ha ein spesiell type kunnskap eller erfaring for å kunne starte eiga bedrift.

- Alle potensielle nyetableringar skal ha tilgang til og informasjon om kurs, kompetansehevingstiltak og dei ulike verktya som eksisterer: -

Vi formidlar til deltakarene kva som er tilgjengeleg for dei i form av nettverk, kapital og kompetanse i heile fylket. Vi har nær kjennskap til relevante aktørar og verkemidlar som kan hjelpe den enkelte idéhavar i si utvikling. Etter kvar konkurranse føl vi opp deltakarane og ser til at dei kjem i kontakt med nokon som kan hjelpe dei vidare; forretningsrådgjeverar i Kunnskapsparken, sakshandsamarar i Innovasjon Norge, næringsarbeidarar i sin kommune, fond dei kan søkje på m.m.

- Etablerarar skal ha tilgang til arenaer der dei kan danne nettverk: -

Dersom ein verken er student eller på ein eller anna måte er tilknytta FOUI-miljø i Sogn og Fjordane, kan det vere utfordrande å vite kven ein skal kontakte og kvar ein skal gå for å kome seg frå idé til marknad. Pitchekonkurransane representerer ein nettverksarena kor deltakarane kan knytte kontakt med andre gründerar, arrangørar av konkurransane (representantar frå Kunnskapsparken og kommunens næringsavdeling/næringssselskap), samt jurymedlemmane (ei samansetning av personar som representerer alt frå privat og offentleg sektor til akademisk). På denne måten etablerer gründerane både viktige nettverk som kan hjelpe dei vidare, samtidig som dei vert gjort kjent med kva for nokre tilretteleggingsaktørar og system som er tilgjengeleg for dei.

Vi bidreg også til å nå fylkeskommunen si målsetting om å få tak i/utvikle "fleire og betre etablerarar". Gjennom våre idékonkurransar bidreg vi ikkje berre til å hjelpe gründerar frå idé til marknad – vi bidreg også til å hente fram dei beste idéane i fylket.

Prosjektorganisering

Tuva Eide (forretningsutviklar) er prosjektleiar. Arbeidsgruppe er Hilde Grinde (forretningsutviklar), Gro Rukan (forretningsutviklar) og representant frå aktuell næringsavdeling/næringssselskap i samarbeidskommune.

Samarbeidspartnere

Dei mest sentrale samarbeidspartnarane vil vere representant(ar) frå næringsavdeling/næringssselskap i den aktuelle kommunen kor vi arrangerar pitchekonkurranse. Andre viktige samarbeidspartnarar er personar vi rekrutterer til å vere jurymedlemmar: til dømes frå privat næringsliv, det offentlege (ordførar/næringsssjef i aktuell kommune), Innovasjon Norge eller andre tilretteleggingsaktørar/verkemiddelaktørar. I tillegg samarbeidar vi med sponsorar av artiklar til gåvepakke (til dømes lokale matprodusentar). Vi nyttar også tidlegare oppstartsbedrifter og/eller relevante foredragshaldarar som fagleg innslag på konkurransedagen. Samarbeid med nemnte aktørar er med på å løfte nivået på pitchekonkurransane.

Aktivitetar

Dei to føregåande pitchekonkurransane vart arrangert i Sogndal og Gloppen. Dei neste fem ønskjer vi leggje til strategiske lokasjonar (mulege lokasjonar: Førde, Vågsøy, Hyllestad, Eid og Lærdal) for å kunne dekke heile fylket. Vi vil samarbeide med lokalt næringsapparat i den enkelte kommune, og vil på denne måten styrke samhandlingen mellom næringsarbeidarar på tvers av fylket.

- 2019 Q4: Utvikle grafisk profil for konseptet

- 2019 Q4: Elvepitch på PEAK Sunnfjord (samarbeid med Sunnfjord Utvikling)

Følgjande gjennomføringsplan er basert på erfaringar frå utføring av tidlegare pitchearrangement, og vil vere tilsvarande for alle fem pitchekonkurransar i prosjektet:

Marknadsføring av pitchekonkurransar på sosiale medium, i vårt nettverk av næringsarbeidarar, samt i gründermiljø i heile landet, oppretting av påmeldingssystem og vurdering av påmeldte deltakarar, forretningsretteiing for deltakarar ei veke før konkurranse, planlegging av konkurransedagen i samråd med aktuell kommune, rekruttering av relevante jurymedlemmar, innkjøp og/eller innsamling av gåvepakke-artiklar og premie til vinnar, gjennomføring av konkurransedagen, premiering av vinnar, oppfølging av alle deltakarar i etterkant (retteiing i Kunnskapsparken, vidare henvisning til næringsavdeling/selskap, Innovasjon Norge e.l.), evaluering av konkurranse.

- 2020 Q1: Ytre Nordfjord

- 2020 Q4: Hafs

- 2021 Q1: Indre/Midtre Nordfjord

- 2021 Q4: Indre Sogn

- 2021 Q4: Rapportering av prosjektet til Sogn og Fjordane fylkeskommune

Målgrupper

Vi ønskjer å nå innovative, unge menneske både regionalt og nasjonalt. I forbindelse med føregåande pitchekonkurransar har vi hatt deltakarar og interesserte frå heile landet, og meiner difor at vi kan ha som målsetting å nå folk frå heile landet.

Primærmålgruppa er personar i aldersgruppa 18-35 som er tilknytt gründermiljø og/eller FoUI-miljø. Dette er ei målgruppe som i utgangspunktet har ein entreprenøriell tankegang, men som på grunn av liten erfaring og begrensa økonomi ikkje har fått anledning til å utvikle sine idéar.

Sekundærmålgruppe er personar i aldersgruppa 30-45 som er tilsett i verksemder i den enkelte kommune kor idékonkurransane vert arrangert. Ved å trekke til oss desse menneskene kan vi også legge til rette for intraprenørskap.

Resultat

Med bakgrunn i tidlegare erfaring med pitchekonkurransar presenterar vi her tal for forventa resultat av utvikling av pitchekonseptet:

- 12 deltakarar per pitchekonkurransar (12 x 5 = 60 deltakarar på 3 år)
- Velkoordinert og velutforma pitchekonsept som kan mobilisere eit større tal gründerspirer
- Effektiv nettverksarena for gründerar på tvers av fylket
- Identitetsskapande og inspirerande konsept for den enkelte kommune

Effekter

- auka innovasjons- og entreprenørskapsfokus og endringskultur i regionen
- auka attraktivitet for tilflytting til regionen
- etablering av fleire nye vekstbedrifter, som på sikt vil ha positiv effekt for regional utvikling, innovasjon og verdiskaping
- potensial for fleire arbeidsplassar dersom gründerbedrifta opplever vekst
- auka gjennomføringsevnen/sjansje for å lukkast for den enkelte gründer: det å vere tilknytta utviklingsmiljø i løpet av sin utviklingsprosess har positiv effekt
- auka folkesetnad: dersom gründer kjem til fylket for å etablere bedrift, vil personen moglegvis ta med ein partnar

Tids- og kostnadsplan

Tidsplan

2019 september – planlegging og etablering av prosjektgruppe

2019 oktober – risikoanalyse produsert og konklusjon for vidare arbeid besluttet

2019 november – ferdigstilling av grafisk materiale

2019 november – gjennomføring av pitchekonkurransen 1

2020 mars – gjennomføring av pitchekonkurransen 2

2020 november – gjennomføring av pitchekonkurransen 3

2021 mars – gjennomføring av pitchekonkurransen 4

2021 november – gjennomføring av pitchekonkurransen 5

2021 desember – sluttrapport og prosjekt fullført

Kostnadsplan

Tittel	2019	2020	2021	2022	2023	SUM
Forarbeid	18 000	36 000	36 000			90 000
Gjennomføring	125 000	250 000	250 000			625 000
Mobilisering	40 000	27 000	27 000			94 000
Prosjektledning	27 000	54 000	54 000			135 000
Sum kostnad	210 000	367 000	367 000			944 000

Finansierungsplan

Tittel	2019	2020	2021	2022	2023	SUM
Eigenfinansiering Kunnskapsparke	110 000	187 000	187 000			484 000
Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2019	100 000	180 000	180 000			460 000
Sum finansiering	210 000	367 000	367 000			944 000

Geografi

1400-Sogn og Fjordane

Vedleggsliste

Dokumentnavn	Filstørrelse	Dato
Budsjett pitchekonurransar.pdf	17 703	31.08.2019